



Møteprotokoll

Utval: Sogenemnda
Møtestad: Rådhuset
Dato: 12.06.2026
Tid: Kl. 10:30 - 14:30

Følgjande medlem møtte

Parti

Lars Olav Rylandsholm
Liv Marit Bøen
Margret Frøyen
Per Helge Eikeland
Randi Bjørg Myklebust

Forfall meldt frå følgjande medl.

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Isak Berle
Jens Magne Sigdestad
Kirsten Grotle

Andre som møtte:

Renate Petrine Stavseng Johnsen

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
016/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/26	Godkjenning av møteprotokoll
018/26	Orienteringssaker
019/26	Oppretting av kommunalt arkiv for eldre foto
020/26	Saker som kjem til

016/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 12.06.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Sogenemnda 12.06.2026:

Handsaming:

SOGE- 016/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 12.06.26 vart godkjende slik dei låg føre.

017/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 28.04.26 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Sogenemnda 12.06.2026:

Handsaming:

SOGE- 017/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 28.04.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

018/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Sogenemnda 12.06.2026:

Handsaming:

Forfattar Dag H. Nestegard er godt i gang med skriving av manus til heftet om Grotle gamle kyrkjegard. Han vil levere ca 130 sider til Sogenemnda i slutten av juni, og medlemmane skal lese gjennom manus og komme med innspel til neste møte i august.

Nestegard ønskjer å bruke ein illustratør til å lage tre blyantskisser i heftet m.a. for å illustrere korleis den første kyrkja frå mellomalderen kunne ha sett ut. Nestegard har fått ei ramme på omlag 15.000 som kan nyttast til illustrasjonar.

SOGE- 018/26 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

019/26: Oppretting av kommunalt arkiv for eldre foto

Sogenemnda 12.06.2026:

Handsaming:

Sogenemnda har ei stor samling av eldre fotografi som er lagra både fysisk og elektronisk. Nokre av bilda ligg på Teams, nokre på ein ekstern harddisk og fleire er fysisk lagra i Sogenemnda sitt arkiv i rådhuset.

Mange av fotografa i Sogenemnda si samling er levert som gåve frå innbyggjarar i Bremanger kommune. Her er det mykje fint av uvurderleg verdi. Sogenemnda ynskjer å digitalisere desse fotografa, andre som vi har i arkivet, og dei som i framtida vert samla inn eller lånt frå privatpersonar. Å lagre dei i papirform krev mykje plass samt kontrollert luftkvalitet.

Det fotografiske arkivet vil vere på ein stasjonær pc. PC-en vil berre vere tilgjengeleg på rådhuset. Bilda vil lastas inn på pc, med ein sikkerheitskopi på ein ekstern harddisk.

Ein ekstern harddisk som blir kopla opp til ulike pc-ar er svært utsett for virusangrep. Det er difor naudsynt at harddisken, som pc-en, ikkje skal lånast ut, og at den berre vert nytta saman ein tilhøyrande pc på rådhuset. Det vil seie at når ein i framtida skal sjå på eller hente ut bilde, vil det måtte gjerast på rådhuset frå denne pc-en med tilkopla harddisk. Dette bildearkivet vil vere nyttig ved arbeid som skal gjerast i samband med framtidige prosjekt.

Dei eldre fotografa på papir skal avfotograferast då det vil gje best oppløysning. Desse avfotograferingane vil lagrast som TIFF.

TIFF (Tagged Image File Format) er hovudstandar og det føretrakne filformatet for langtidsbevaring og digital arkivering av fotografi i Noreg. Det er kulturkonsulent Renate Johnsen har som ansvar for å avfotografere, samt å gjere om dei digitale filene til TIFF-format.

SOGE- 019/26 Vedtak:

1. Sogenemnda opprettar eit digitalt fotoarkiv der alle noverande og framtidige eldre foto skal arkiverast og vere tilgjengelege til bruk i framtidige prosjekt.

2. I løpet av møtet blei arbeidet med å lage eit digitalt arkiv starta. Fleire album vart avfotograferte, fotografi blei sorterte og klargjorde for å fortsette arbeidet til hausten

020/26: Saker som kjem til

Sogenemnda 12.06.2026:

Handsaming:

**SOGE- 020/26 Vedtak:
Ingen saker kom til i møte.**